

Arbeidsplan for 2023

Styrets forslag

- Kampen mot straumpriskrisa blir den viktigaste i året som kjem, med krav om politisk kontroll over straumen, makspris, å seia opp ACER og få sagt opp EØS-avtalen.
- Me vil oppsøka fylkets kommunar — helst alle — i løpet av 2023, med stands, knytta kontaktar, verva kommunekontaktar og prøva å oppretta lokallag.
- Me vil prøva å få til bedriftsbesøk.
- Me vil prøva å få til skolebesøk; foreslå at skolane inviterer både Nei til EU og Europabevegelsen til debattar.
- Me vil utvida samarbeidet med andre: fagrørsla, bondeorganisasjonane, Motvind, andre miljø- og naturvernorganisasjonar, Rogalandsopprøret, kvinneorganisasjonar m.m.
- Me skal ha stands på alle marknader i Rogaland, på Motvind-festivalen i Haugesund i august og på Rogalandskonferansen i Sandnes i oktober. Det er aktuelt å samarbeida med Vest-Agder Nei til EU om stands i Sirdal i september.
- Me skal driva aktiv verving til Nei til EU. Målsetting: passera 2000 medlemmer i løpet av 2023; skaffa kommunekontaktar i flest mulig kommunar, oppretta lokallag.
- Me skal bidra til å visa korleis EØS-avtalen har endra det norske samfunnet og innskrenka handlingsrommet til dei folkevalde.
- Me skal føra EØS-debatt i media og arrangera debattmøte om EØS, helst med innleiarar frå både tilhengarar og motstandarar av EØS, og gjerne i samarbeid med andre organisasjonar i NEI-fronten: fagrørsla, bonderørsla, kvinneorganisasjonane, miljøbevegelsen og andre organisasjonar samt partia og ungdomspartia på NEI-sida.
- Me skal halda fram med arbeidet mot ACER-tilslutninga, fortsetta kronerullinga til søksmålet, og halda fram med arbeidet mot jernbanepakke 4 og andre EU-direktiv.
- Me skal leggja til rette for at styremedlemmer og andre medlemmer kan delta på rådsmøte, leiarmøte, faglege konferansar, kvinnekongressar, landbrukskonferansar og andre aktuelle møte og konferansar.
- Me skal ha oppdaterte heimesider, ei oppdatert Facebook-side og aktivitet på andre sosiale medium.
- Medlemsbladet «Orientering» skal komma ut til alle medlemmer éin gong i året, med innkallinga til årsmøtet (neste nummer i januar 2024).
- Vera i beredskap til anna EU-tilpassing.